

ADVOKATFIRMAET  
**RESPONSA**

Kvinnherad kommune  
Rådhuset  
5470 ROSENDAL

Kvinnherad kommune	
30 MARS 2016	
Saksnr. 09/2561	U off.
Saksbe TFC	Kopi

23. mar. 2016

Vår ref: 6626/

Dykkar ref: 2009/2561-35

Ansvarleg advokat: Sigrid Anderssen Cabot

*Att.: Tormod Fossheim*

## **Merknader til førehandsvarsel - gnr. 145 bnr. 369**

Eg viser til møte og synfaring 16. mars 2016 i sak om avvik i byggjesaka om 2 tomannsbustadar på gnr. 145 bnr. 369 på Husnes og førehandsvarsel om pålegg om retting som er sendt til Sunde prosjektutvikling AS same dag som det er gjeve frist til 8. april 2016 å gje merknader til.

Underteikna representerer seksjonseigarane på gnr. 145 bnr. 369.

Vedlagt følger nokre bilete som vart tekne under byggeprosessen.

Bilete nr. 1 syner opphogde eternittplater som var deponert på nordsida av husa mot vegen. Som det tydeleg går fram av bileta, var det ikkje «mindre mengder» eternittplate som var på tomta, slik Ove Lemicka gav uttrykk for på synfaringa. Lemicka estimerte det til å vera 2-3 plater. Bileta syner at det var meir. Kor mykje det var eksakt, er det sjølv sagt umogleg for mine klientar å vita. Mine klientar stadfestar at mykje av det som låg på denne delen av tomta vart fjerna med gravemaskin, men som det klårt gjekk fram på synfaringa, ligg det framleis att ukjente mengder eternitt i grunnen på dette området. Mine klientar meiner difor at ein i dette området må fjerna alle lausmasser ned til grunnfjellet for å sikra at det ikkje ligg att asbesthaldig materiale.

Bilete nr. 2 og 3 syner grunnen 1-3 meter frå vestre vegg på gnr. 145 gnr. 369 seksjon nr. 1. Bilete nr. 2 syner i øvre kant det nordvestre hjørne på denne seksjonen. Bilete nr. 3 syner eit området som er lengre sør på vestsida av seksjonen. Desse bileta syner at asbesten er blanda inn i dei tilkøyrde fyllmassane på eigedommen og syner at det er naudsynt å utvida det området det må skiftast masser. På bilete 4, som er ein kopi av bilete som er teke inn i referatet til kommunen av 16. mars 2016, er den naudsynte utvidinga av tiltaksområde er teikna inn. Denne utvidinga av tiltaksområde medfører at tre-terrassen langs vestre vegg på seksjon 1 må demonterast for å fjerna massar under denne. Det er grunn til å frykta at dei asbestplatene som ein ser på bilete nr. 2 og 3 er skufila ned i området rundt huset i samband med planeringa av tomta.

**Advokatfirmaet Responsa AS**  
[www.responsa.no](http://www.responsa.no)  
Org.nr. 987 744 197 mva  
Bankkonto: 3520 58 86271  
Klientkonto: 3520 58 86417

**Avdeling Stord**  
Sø 136, 5417 Stord  
Tlf: (+47) 53 45 40 00  
Faks: (+47) 53 45 40 01

**Avdeling Isvik i Vindafjord**  
Vikevegen 36, 5574 Skjold  
Tlf: (+47) 52 76 50 90  
Faks: (+47) 52 76 50 99

Som det går fram av referatet frå synfaringa, gav både Lemicka og Musland uttrykk for at eternittplatene var fjerna frå vestveggen. Bilete 2 og 3 dokumenterer at dette ikkje er tilfelle.

Tiltakshavar har gitt uttrykk for at det både er mindre mengder enn det faktisk er og at det geografiske utspreiinga er mindre enn den faktiske er. Tiltakshavars vurderingar av omfang kan såleis ikkje leggjast til grunn og det er difor etter mine klientars syn naudsynt for kommunen å påleggja dei ansvarlege å gjennomføra fleire testgravingar i område på tomten som grensar til dei områda det er dokumenterte funn av asbest, for å avdekka omfanget av problemet.

Grunneigarane ser svært positivt på at kommunen no følgjer denne saka tett opp. Det handlar om helsa for borna som leikar i området. Det er svært viktig for mine klientar at det vert rydda for sommaren, då borna i enno større grad er ute å leikar. Det er snart tre år sidan mine klientar tok problemet opp med tiltakshavar og kommune for første gong.

Ta gjerne kontakt med undertekna dersom det er trong for ytterlegare opplysingar i saka.

Med vennleg helsing  
Advokatfirmaet Responsa AS

  
Sigrid Andersen Cabot

Kopi til:

- Sunde prosjektutvikling AS
- Teigen Bygg og Trelast AS
- Brødr. Musland Maskin AS

Bilete nr. 1



Bilek nr 2



Bilek nr 3



Billete nr 4



2 - billete nr 2 teke  
3 - billete nr 3 teke

(2/3) - Utvida tiltaks-  
område